

Motteken tilvising skal lesast av alle i ACT teamet, deretter drøftar vi den i felles inntaksmøte kvar onsdag. Vi gjer om naudsynt avtale med tilviser for drøfting av pasienten.

Ved tilbod om ACT-team ønskjer vi eit felles møte mellom tilviser, pasient og ACT-team der vi får presentere oss og fortelje om tilboden.

Vi tek gjerne i mot tilvisingar frå dykk når det gjeld pasientar som er i målgruppa vår

Teamet er tverrfagleg samansett, med brei erfaring frå både rus- og psykiatrifeltet. Vi har psykiater, sosionom, psykiatrisk sjukepleiar og ruskonsulent.

#### Opningstider:

Teamet arbeider måndag-fredag 08.00-15.30.

Behandlinga tek utgangspunkt i pasienten sine behov.  
Det kan gjerast avtalar utanom desse tidene.

ACT-team Sunnmøre  
Langelandsvegen 17  
6010 Ålesund

Tlf. kontor: 95 25 34 13  
Teamkoordinator: 95 25 34 14

#### INFO TIL TILVISAR

## ACT-team Sunnmøre

- Aktivt
- Oppsøkjande
- Behandlingsteam



## ACT (Assertive Community Treatment):

Aktivt oppsøkjande behandlingsteam.

Behandlingskontakten med pasientane skjer der pasienten oppheld seg.

ACT er eit tilbod til menneske med alvorlege psykiske lidinger, og tilleggsproblem som rusavhengigheit eller fungerer marginalt sosialt.

## Inklusjonskriteria for ACT:

- Over 18 år
- Alvorleg psykisk liding i psykosespekteret, hovudsakleg Schizofreni liding (ICD-10: F20-29) eller Bipolar affektiv liding (ICD-10: F31)
- Tradisjonell behandling har ikkje gitt tilfredsstillande resultat.

## Pluss ein eller fleire:

- Langvarige og ustabile sjukdomsforløp
- Har behov for oppsøkjande behandling
- Kan nyttiggjere seg teamtilnærming
- Rusmiddelbruk (ROP-liding)
- Dårleg samarbeid om føreskrive behandling (compliance)
- Psykotiske symptom
- Hyppige innleggingar
- Problem med relasjonar og tilknyting
- Lettare kognitive forstyrningar
- Funksjonssvikt

## Liten nytte av ACT:

- Primaerdiagnose personlegdomsforstyrningar
- Pasientar som har ei rusdiagnose, utan mistanke om at det ligg føre ein samtidig alvorlig psykoseliding eller bipolar liding
- Overveiende negative symptom, få eller ingen hallusinasjonar eller vrangførestellingar.
- Rettspsykiatri og alvorleg kriminell bakgrunn.

## Vi kan tilby:

I hovudsak kan vi leggje til rette alle basis-trester. Kartlegging, oppfølging og behandling med fokus på:

- Symptomlindring
- Integrert rusbehandling
- Familie-/nettverksstøtte
- Støtte til å gjennomføre daglege gjeremål
- Ein meiningsfylt kvardag
- IPS (individuell jobbstøtte)

ACT behandling er å møte menneske i eit langvarig perspektiv, teamet fylgjer pasientane med hyppig kontakt over lengre tid (mnd/år).

Det er frivillig å ta i mot tilbod frå ACT-teamet.

Vi har ingen eigenandel på tenesta.

Tenestane vert gitt etter tilvising frå fastlege eller spesialist.

Vi ønskjer oss ei fullstendig tilvising som inneholder:

- Diagnose
- Noverande medisinering
- Sjukdomshistorie
- Familiesituasjon
- Bu situasjon
- Økonomisk situasjon
- Kva har vore prøvd tidlegare av hjelpetiltak, kva har ført fram, kva har ikkje ført fram
- Kva slags andre instansar er inne i pasientbehandlinga
- Kva ønskjer man at ACT skal bidra med i denne saken